



TILSTANDSRAPPORT FOR BARNEHAGE OG SKULE 2020 BJØRNAFJORDEN KOMMUNE



**BARNEHAGE- OG
SKULEÅRET 2019/2020**

Forord

Opplæringslova §13-10 pålegg skuleeigar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar, dvs. kommunestyret, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Rapport om tilstanden i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skuleeigar kan velje ut fleire område som blir vektlagt i tilstandsrapporten. Det føreligg ikkje lovkrav om å utarbeide tilsvarende tilstandsrapport for barnehagane.

I Bjørnafjorden legg vi vekt på å sikre «ein raud tråd» gjennom oppveksten til barn og unge, og difor legg vi fram samla tilstandsrapport for barnehage og skule. Gode overgangar står sentralt på alle oppvekstarenaer. I barnehagen skal barn oppleve meistring og inkludering. Dei skal utvikle grunnleggande kunnskap og ferdigheter, slik at dei har eit godt grunnlag for å trivast på skulen og lukkast i utdanningsløpet. Ein felles tilstandsrapport skal hjelpe oss med eit felles blikk i vidareutvikling av barnehage og skule. Tilstandsrapporten er eit godt grunnlag for å gi oppveksteigar eit kunnskapsbasert og bevisst forhold til innhald og kvalitet i barnehage og skule.

«Alle barn er våre barn» - det er utgangspunktet for alle vaksne som arbeider i barnehage og skule i Bjørnafjorden. Gjennom å møte det enkelte barn der dei er, skal vi bidra til meistring, anerkjening, tryggleik og ei oppleving av å høre til. Livsmeistring er tema både i barnehage og skule.

Ny kommune blei etablert 01.01.20. Hausten 2020 er første felles barnehage- og skuleår i Bjørnafjorden. Tilstandsrapporten omtalar tal frå tidlegare Fusa og Os kommunar. Vi har gjennom heile 2019 «jobba oss saman» og vi drar med oss gode erfaringar frå begge dei tidlegare kommunane. Arbeidet med å bygge og vidareutvikle felles kjenneteikn og innhald i «Bjørnafjordenbarnehagane» og «Bjørnafjordenskulane» held fram saman med dyktige og engasjerte tilsette og leirarar.

Det er stor merksemld på kvalitetsarbeid og forskingsbaserte tilnærmingar i barnehage og skule. I arbeidet med tilstandsrapporten har det òg vore viktig å ha med seg at «det som tel ikkje alltid kan teljast». For å gi eit innblikk i kvardagen i barnehage og skule, er det tatt med praksisforteljingar.

«Det krevst ei heil bygd for å oppdra, danna og utdanna eit barn». Tilsette, foreldre og politikarar må spele på lag for å gi barn og unge gode oppvekstvilkår. Tilstandsrapporten er eit verktøy for politikarane som oppveksteigarar. I tillegg er det ein viktig reiskap for barnehagane og skulane i det interne utviklingsarbeidet for å sikre heilskap i tenestene – i samarbeid med elevar, foreldre og fagtenester.

Vi takkar for det gode arbeidet og den omfattande innsatsen som blir lagt ned i alle barnehagane og skulane kvar dag. Barnehage- og skuleåret 2019/20 har blitt annleis enn vi kunne sjå for oss ved at Covid-19 har ramma lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Vi er imponert og stolt over fleksibilitet, omstillingsvilje og evne til å finne gode løysingar.

Vi ønsker lukke til med barnehage- og skuleåret 2020/21 i vår nye felles kommune.

04.09.20

Line Rye
Kommunalsjef Oppvekst

INNHOLD

1.	Innleiing	5
1.1.	Lovkravet	5
1.2.	Viktige felles møtepunkt	6
1.3.	Covid-19 og stenging	7
2.	barnehage i Bjørnafjorden kommune	8
2.1.	Samordna opptaksprosess i kommunen	8
2.2.	Bemanning.....	9
2.3.	Nasjonale moderasjonsordninger og foreldrebetaling.....	10
2.4.	Foreldreundersøking	11
2.5.	Leikeressurs	12
3.	Satsingar i barnehage og skule	13
3.1.	Arbeid med livsmeistring for barn og unge	13
3.2.	Ressursteam barnehage og skule.....	14
3.3.	Satsinga nærvær-fråvær	15
3.4.	DUÅ - Dei utrolege åra.....	15
3.5.	Tidleg innsats 1.-4.trinn.....	15
3.6.	Overgang frå barnehage til skule	16
3.7.	Begynnaropplæringa:.....	16
3.8.	Trivselsprogrammet (TL).....	17
3.9.	Vatntilvenning/symjeopplæring	18
3.10.	Skulebibliotek	18
4.	Resultat.....	19
4.1.	Elevar og lærarar	19
4.2.	Resultat nasjonale prøver	21
4.3.	Nasjonale prøver - frittatt og ikkje deltatt	22
4.4.	Resultata i Os	24
4.5.	Resultata i Fusa	31
4.6.	Grunnskulepoeng.....	35
5.	Gjennomføring	36
6.	Læringsmiljø	38
6.1.	Innleiing	38
6.2.	Elevundersøkinga 2019/2020 i Bjørnafjorden kommune	40
6.3.	Mobbing blant elevar	41
7.	Oppveksteigar.....	45
7.1.	Tverrfagleg samarbeid	46

7.2.	LK20 (Læreplanverk for Kunnskapsløftet)	47
7.3.	Bjørnafjorden som lærebedrift.....	47
7.4.	Vidareutdanning for lærarar	48
7.5.	Nettverk for nyutdanna lærarar	48

1. INNLEIING

1.1. Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjera vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, innheld ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdighetsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstille informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultata i dialogen med skoleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skoleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekke.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.

1.2. Viktige felles møtepunkt

2019

- Felles oppstart nytt barnehage- og skuleår i Oseana. Teater og foredrag med fokus på inkluderande fellesskap
- Fagdagar, samlingar og nettverk
- Oppstartsamling for nyutdanna lærarar
- Fagdag for styrarar i regi av Midthordland kompetanseregion med tema ståstadsanalyse og REKOMP
- Oppvekstforum med presentasjon og inspirasjon frå ulike einingar
- Skulebasert kompetanseutvikling (SKU) på tvers av skulane. Tema fagfornyinga
- Forvaltningsmøte med styrarane i Bjørnafjorden
- Samlingar knytt til kommunesamanslåing
- Samlingar knytt til realfagsatsinga (Fusa)
- Fellessamling i Oseana med Thomas Nordahl. Tema: Vurdering og inkludering
- Tverrfagleg deltaking på «September-konferansen» i regi av RVTS. Tema: Barn og traumer
- Fellessamling for leiarsamlinga knytt til §9A
- Gjennomført dialogkafé med samarbeidsutvala (SU) i barnehage og skule. Tema: Tilstandsrapport
- Deltaking på «Bjørnefjorden utdanningsmesse»

2020

- Fagsamling LK20 (Læreplanverket for Kunnskapssløftet)
- Oppvekstforum – «Handlingsplan vald i nære relasjonar», «samtal med barn» og «realfagsatsinga»
- Oppfølging av leiarsamlinga knytt til §9A
- Forvaltningsmøte med styrarane i Bjørnafjorden
- Ansvarsdialog med skulane
- Samling knytt til kommunesamanslåing
- Fellessamling for mange av skulane. Tema: Vurdering for læring
- Mange planlagde arrangement og møte blei avlyste/utsette pga. Covid-19 pandemien

1.3. Covid-19 og stenging

13. mars 2020 stengde alle barnehagane og skulane ned grunna Korona-situasjonen. Dette var ein dramatisk situasjon for alle einingar og påverka all samhandling i barnehagane/skulane og på tvers av tenestene. Digitale verktøy blei raskt viktige i samhandlinga mellom lærarar og leiarar på alle nivå og mellom einingsleiarar og barnehage og skuleadministrasjonen.

Stenginga knytt til Covid-19 fekk stor innverknad på kvardagane til innbyggjarane våre. Både barn og vaksne fekk store endringar «over natta». I barnehagane og skulane og i fagtenestene blei det lagt ned eit omfattande arbeid for å ivareta kommunikasjon med barn/føresette og elevar. Digitale løysingar og nye kommunikasjonskanalar blei etablert. I tråd med krava frå overordna myndighet fekk sårbare barn og barn med føresette i samfunnskritiske yrke eit tilbod i barnehage og skule. På skulane fekk elevane heimeundervisning. Omstillingsevna og viljen til å finne løysingar var imponerande og vi har fått eit betydeleg kunnskapsløft knytt til omstilling og digitale løysingar både i skuledrifta og i administrasjonen. Dette tar vi med oss vidare.

2. BARNEHAGE I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Tilstandsrapporten for barnehage legg vekt på å gi eit samla bilet av barnehagedrifta i kommunen. Kommunen som barnehagemynde har eit overordna ansvar for å sikre eit kvalitativt godt og likeverdig barnehagetilbod til alle barn i Bjørnafjorden kommune, uavhengig av barnehageeigar. Arbeidet i barnehagane er heimla i Lov om barnehagar og i ny rammeplan. I nye Bjørnafjorden kommune er det 8 kommunale barnehagar med 347 barn og 15 private barnehagar med 1156 barn. 1503 barn i Bjørnefjorden sine barnehagar. Det er og ein open barnehage.

Det er ikkje lovpålagt å utarbeide tilstandsrapport for barnehage, men vi vel å gjere dette for å sjå heilskapen i barnehage- og skuleløpet til det enkelte barn. I tillegg til familie, heim og nettverk legg barnehagane eit viktig grunnlag for det enkelte barn si utvikling, meistring og tryggleik.

Vi vel å legge vekt på den rauda tråden som synleggjer felles satsingar som livsmeistring, psykososialt miljø og relasjonskompetanse, språkutvikling og overgang barnehage/skule. I samband med dette har barnehagane eit godt samarbeid med fagtenestene og skulane.

Rammeplanen legg klare føringar for barnehagen sitt innhald, oppgåver, mål og satsingar. Den legg òg føringar for oppvekstområdet sine fellessatsingar. Oppvekst arbeider kontinuerleg med å rettleie barnehagane i arbeid som sikrar alle barn tar del i det allmennpedagogiske arbeidet:
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Foreldrestemma på barnehageområdet når oss gjennom direkte kontakt i enkeltsaker, gjennom Udir (Utdanningsdirektoratet) si årlege nasjonale foreldreundersøking, gjennom møte med representantar i SU (samarbeidsutval), ved tilsyn i barnehagar og i årlege møter med SU ved gjennomgang av tilsynsrapport om hausten. Foreldrestemma når oss òg gjennom styrar i barnehagane.

2.1. Samordna opptaksprosess i kommunen

Barnehagelova § 12 slår fast at alle godkjente barnehagar i kommunen skal samarbeide om opptak av barn. Kommunen skal legge til rette for ein samordna opptaksprosess, og det skal takast omsyn til barnehagane sitt mangfold og eigenart. Brukarane sine ønske og behov skal vektleggast ved sjølvé opptaket.

Alle barn med rett til barnehageplass fekk plass i samordna opptak 2020. Det er eit mål vi har nådd kvart år sidan retten til barnehageplass blei innført i 2009. Samordna opptak 2020 viser ein samla overkapasitet på barnehageplassar som sikrar handlingsrom for ein periode med vekst i folketal. Barnehagane justerer eventuell ledig kapasitet ved supplerande opptak gjennom året.

Ut i frå tal frå helsestasjonen så går fødselstala samla sett i Bjørnafjorden kommune ned.

År:	Tal fødde barn:
2019	247
2018	295

Dette er ein nasjonal trend og ikkje særskilt for Bjørnafjorden kommune og det kan sjå ut som nedgangen held fram i 2020. Framtidige behov for nye barnehageplassar vil bli kartlagt i ein barnehagebruksplan etter kommunesamanslåinga. Som følgje av koronapandemien er vi forseinka i dette arbeidet. Kommunen pliktar å sikre tilstrekkeleg tal barnehageplassar tilpassa krav i barnehagelova, utbyggingsmønster og innbyggjarane sine behov.


Per i dag har vi god kapasitet i barnehagane i Bjørnafjorden kommune.

2.2. Bemanning

Nye nasjonale normtal for bemanning- og pedagognorm har som mål å sikre fleire vaksne på avdelingar og basar, og vil styrke tidleg innsats og sikre gode oppvekstmiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

Ny pedagog- og bemanningsnorm var gjeldande frå 01.08.18. Det ligg innanfor barnehageeigar sin styringsrett å bestemme korleis barnehagen sine personalressursar er organisert, men barnehageeigar har plikt til å drive verksemda i samsvar med gjeldande lov og regelverk: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/Statistikknotatbemanningsnorm-Barnehage/>

Tal i frå foreldreundersøkinga hausten 2019 syner at alle barnehagane i kommunen oppfyller bemanningsnorma. Pedagognorma er i stor grad oppfylt, og det er berre ein dispensasjon som er gjeven.



Kontroll av tal barn og bemanning syner at barnehagane i Bjørnafjorden kommune blir drifta i tråd med barnehagen si godkjenning.

2.3. Nasjonale moderasjonsordningar og foreldrebetaling

Frå 1. august 2019 har alle 2-, 3-, 4- og 5-åringar, og barn med utsett skulestart, som bur i husstandar med lav inntekt, rett til å få 20 timer gratis oppholdstid i barnehage per vike (4 timer per dag).

Nasjonal ordning for reduksjon i foreldrebetalinga skal sikre at ingen husstandar betalar meir enn seks prosent av inntekta si for ein barnehageplass, og at familieøkonomi ikkje skal vere til hinder for at barn kan gå i barnehage.

Det er kommunen ved barnehagemynde som har ansvar for moderasjonsordningane og foreldrebetaling som gjeld for både kommunale og private barnehagar. Moderasjonsordningane er regulert i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar og målet med nyare forskriftsendringar er å innføre ein betre sosial profil på foreldrebetalinga i barnehage, og legge til rette for at fleire får nytte tilbod om barnehageplass gjennom å senke prisen for familiar med lav inntekt. Forskrift om foreldrebetaling: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2005-12-16-1478>

Både barnehagane og helsestasjonen informerer føresette om ordninga, og det er etablert gode rutinar med NAV knytt til behandling av søknad om redusert foreldrebetaling.

Barnehagefaktura blir redusert av barnehagane, og Bjørnafjorden kommune refunderer redusert foreldrebetaling til barnehagane. Inntektsgrensa er sett til 548 500 kroner. Den vil auke til 566 100 1. august 2020.

Ei stadig auke i tal søkerne vitnar om at informasjon om ordninga er gjort kjent for innbyggjarane. Tal henta frå BASIL, årleg nasjonal innrapportering for barnehagar, syner følgande utvikling i reduksjon i foreldrebetalinga grunna låg inntekt dei to siste åra:

Redusert foreldrebetaling og gratis oppholdstid i barnehage

Kommune	Tal hushaldningar som har søkt	Tal barn totalt	Barn som får gratis kjernetid	Totalsum
Os 2018	102	125	87	897 257
Os 2019	98	122	108	2 017 238
Fusa 2018	13	17	11	320 679
Fusa 2019	11	14	12	450 369

I 2019 har det vore stor auke i utbetalte kroner. Dette kjem av at mange av dei som har søkt redusert foreldrebetaling ligg med låg inntekt. Frå 0 – 100 000,- i skattepliktig inntekt. I Os kommune har tal husstandar som har søkt med lågast inntekt auka frå 9 til 29.

2.4. Foreldreundersøking

Barnehagane i Bjørnafjorden kommune har lenge hatt tradisjon for å gjennomføre foreldreundersøking. Tal syner at foreldre jamt over er veldig godt nøgde med barnehagetilbodet som blir gitt i Bjørnafjorden kommune. I 2019 deltok alle barnehagane i Utdanningsdirektoratet si foreldreundersøking, som ble gjennomført for fjerde gong hausten 2019. På ein skala frå 1 til 5 hadde vi i 2019 eit snitt på 4,5, som er det same som det nasjonale snittet. Me har ein svarprosent på 72,5%, noko som visar at foreldra i kommunen ynskjer å bidra til at barnehagane utviklar seg. Samla sett er det grunn til å vere nøgd, og resultata blir følgt opp i felles treffpunkt med barnehagane. Tal frå barnehagane i Bjørnafjorden kommune finn ein på Barnehagefakta:

<https://www.barnehagefakta.no/kommune/4624/bjornafjorden>

Ut ifrå tala på barnehagefakta så er det godt å sjå at barna i barnehagane i Bjørnafjorden scorar 4,9 og 4,8 på barnas trivsel.

Utval	År	Besvarte / Invitere
Fusa kommune (2018)	2018	90 / 149 (60,40 %)
Fusa kommune (2019)	2019	110 / 142 (77,46 %)
Os kommune (2018)	2018	970 / 1322 (73,37 %)
Os kommune (2019)	2019	915 / 1272 (71,93 %)
Nasjonalt (2019)	2019	124945 / 173794 (71,89 %)

	Fusa kommune (2018)	Fusa kommune (2019)	Os kommune (2018)	Os kommune (2019)	Nasjonalt (2019)
Ute- og innemiljø	3,8	3,9	4,2	4,2	4,1
Relasjon mellom barn og voksen	4,5	4,6	4,6	4,6	4,5
Barnets trivsel	4,8	4,9	4,8	4,8	4,7
Informasjon	4,2	4,3	4,3	4,3	4,3
Barnets utvikling	4,7	4,6	4,7	4,7	4,6
Medvirkning	4,0	4,1	4,3	4,3	4,2
Henting og levering	4,2	4,2	4,4	4,4	4,4
Tilvenning og skolestart	4,5	4,3	4,5	4,5	4,5
Tilfredshet	4,4	4,4	4,6	4,5	4,5

Barnehageområdet har sidan førre tilstandsrapport hatt kommunenesamslåinga i fokus. Felles møtepunkt er etablert med barnehagane på begge sider av fjorden, og grunnlag for god samhandling og heilskap på barnehageområdet er etablert. Oppbygging av nye informasjonskanalar og saksbehandlingssystem i Bjørnafjorden kommune er under arbeid, og skal sikre god og naudsynt informasjon til innbyggjarar, tilsette og barnehageeigarar.

2.5. Leikeressurs

Leikeressurs er eit rekrutteringstiltak kor ungdomsskulegutar blir kjent med barnehageyrket og målet er at ein skal rekruttere fleire menn inn i barnehagen. Både lovverket og rammeplan for barnehagar seier at barnehagen skal gi mangfald, likestilling og likeverd, og da er det viktigare med ein større del menn enn det er per dags dato i barnehagane. I følgje årsrapporten til barnehagane er det i Bjørnafjorden kommune 7% menn i barnehagen. Det overordna målet er at barnehagen skal gjenspeila samfunnet som heilheit og eit av måla har vore at 20% av dei tilsette i Noreg skal vera menn.

	Os	Fusa	Nasjonalt
Prosentdel menn totalt i barnehage 2018	6, 3	7,4	9,2
Prosentdel menn totalt i barnehage 2019	7 %	6,4 %	11,9 %

Dei fem siste åra har Os hatt leikeressursar ute i barnehagane. Dette er ei god læring for elevane, kor dei må skrive søknad, søkje om skattekort og for dei fleste er det fyrste møte med arbeidslivet. Denne våren er det

Satsinga «ungdomsskulegutar som leikeressurs» er vidareført, og 47 leikeressursar har fått tilbod om jobb dette barnehageåret. Totalt 218 gutter har vore engasjert i perioden 2015– 2020. Gjennom prosjektet håpar vi å bidra til at fleire gutter vel barnehage som arbeidsplass i framtida.

Namn på barnehage	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Søre Øyane Naturbarnehage	6	6	3	7	7	7
Espira Kuventræ	8	8	8	10	11	16
Os barnehage	8	8	2	4	0	1
Skeisbotnen barnehage	8	8	8	8	8	8
Nøtteliten barnehage			7	7	5	11
Eventus Borgafjell barnehage			4	4	8	4
Samla tal leikeressursar totalt	30	30	32	40	39	47

3. SATSINGAR I BARNEHAGE OG SKULE

3.1. Arbeid med livsmeistring for barn og unge

Hausten 2017 starta ei tverrfagleg satsing «Livsmeistring for barn og unge – korleis jobbar vi med dette i vår kommune?». Eit fokusområdet har vore «Barnehagen og skulen som førebyggjande arena». Bakgrunnen for satsinga er fokuset på psykisk helse og livsmeistring blant barn og unge. Å føle seg trygg, å oppleve at ein høyrer til, og det å trivast i oppvekstmiljøet og lokalsamfunnet er grunnleggande føresetnad for god psykisk helse gjennom heile livsløpet. (frå folkehelseprofilen 2015)

Lokalsamfunnet og kommunen har stor påverknad på mange arenaer for barn og unge. Det helsefremjande og førebyggjande arbeidet får best kvalitet dersom dei ulike aktørane dreg i same retning og ser tiltaka i eit utviklingsperspektiv. Et samfunn som legg til rette for gode helseval hos den enkelte, har stor betydning for folkehelsa.

Figur 1:



Figur 1: Arenaer for det helsefremmende og forebyggende arbeidet for psykisk helse på ulike alderstrinn (etter Øverland, 2014).

I rammeplan for barnehagen blir omgrepet livsmeistring presentert som ein del av barnehagen sitt verdigrunnlag. Barnehagen skal støtte barna i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjend med eigne og andre sine kjensler (Utdanningsdirektoratet, 2017). Livsmestring utviklast ved at vi får moglegheit til å bruke eigne evnar og utvikle oss, oppleve mening, autonomi og dele mål og verdiar i eit fellesskap (Helsedirektoratet, 2017). Når barndommen som levast i barnehagen er prega av livsglede og lykke vil det vere eit godt utgangspunkt for å oppleve livsmeistring (Størksen, 2018). I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere ein del av eit fellesskap og å vere i positivt samspel med barn og vaksne. Å høyre til ei gruppe gjev barn tryggleik og sosial tilknyting.

I den nye overordna delen i LK 20 for skule er folkehelse og livsmeistring eit av tre tverrfagleg tema som opplæringa skal byggje på. Dette tverrfaglege temaet skal gi elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir moglegheit til å ta ansvarlege val i livet. Livsmestring handlar om å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for meistring av eige liv. Barn og unge skal lære å handtere medgang og motgang, og personlege og praktiske utfordringar. Utvikling av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet er også sentralt i dette temaet.

Oppvekstforum er eit felles møtepunkt der alle leirarar på oppvekstområdet deltek. Satsinga Livsmeistring er eit overordna tema i Oppvekstforum. Hovudfokus i satsinga i 2019 var «Å høyre til» - fellesskap og vennskap. Undertema i dette fokusområdet har vore nærvær-fråvær og overgang frå barnehage til skule. Desse temaa vil bli vidareført og vektlagt i ulike møtepunkt på foreldremøte i barnehage og på skule. I tillegg har vi hatt fokus på einsemd. I «Ungdataundersøkinga» frå 2018 kom det fram at mange unge i kommunen føler seg einsame. Dette temaet vil vi ha fokus på framover.

Bjørnafjorden kommune har starta arbeidet med å etablere ressursteam i barnehagane og skulane. Ressursteama skal ha ein sentral rolle for å sikre felles fokus på livsmeistring i praksisfeltet. Vi ønsker å sikre kvalitet og meir medverknad i satsinga og vil derfor involvere barn og unge, føresette og råd/utval i barnehagar og skular i arbeidet. Arbeidet med livsmeistring heng tett saman med folkehelsearbeidet i kommunen. Medverknad er eit av fem hovudprinsipp i folkehelselova og folkehelse er eit ansvar i alle sektorar.

BYGGESTEINER

Hvert enkelt møte med barnet er en byggestein for barnets selvfølelse og personlige trygghet.

Hvert smil du gir, alle gode blikk, vennlige kommentarer og anerkjennende ord, er med å skape gulltråder i barnets liv.

(Fagutviklingsleder Heine Steinkopf, RVTS Sør.)

3.2. Ressursteam barnehage og skule

Arbeidet med å vidareutvikle ressursteam i skule og barnehage er ein viktig del av den tverrfaglege satsinga. Gjennom ressursteama skal vi sikre heilskaplege og tverrfaglege tenester til dei barna og elevane som har behov for dette. Tilsette i barnehage/skule og førebyggande helse, barnevern og PPT deltek.

Satsingsområda til PPT, saman med skule- og barnehageeigar, er tidleg innsats i eit systemperspektiv. Gjennom dette har vi fokus på livsmeistring og læring som tar i vare alle barn og unge. Etter barnehagelova § 19-c skal PPT støtte barnehagane i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge til rette barnehagetilbodet for barn med særlege behov. Bjørnafjorden PPT sin arbeidsmodell inneber faste besøksdagar på alle skular og i alle barnehagar.

Hausten 2019 blei det etablert ressursteam i barnehagane i Os. Ressursteama er eit systemisk tilbod ute i barnehagane der ein er representert tverrfagleg og drøftar tema og individuelle problemstillingar. Ressursteama tilbyr ei oversikt over tema og kompetansepakkar og barnehagane melder inn behov. Frå hausten 2020 planlegg ein å tilby ressurteam til alle barnehagane i kommunen.

Frå hausten 2020 vil det bli etablert ressurteam på kvar skule for å sikre god handtering av ulike utfordringar i elevgruppa. Ressursteamet skal jobbe både system- og individretta. Intensjonen med ressursteamet er å få til eit førebyggande og lokalt tiltak som ved hjelp av tverrfagleg kompetanse skal bidra til gode løysingar knytt til enkeltelevar, grupper, trinn og skolemiljø. I ressursteama skal det vere representantar frå dei ulike trinna og frå leiinga. Vi gjennomfører ordinære- og utvida ressursteammøte. PPT, Barneverntenesta og helsejukepleiar skal delta i utvida ressursteam. Eleven

sitt beste skal vere vurdert i alle saker og prosessar som omhandlar deira skulekvardag. Elevane sin stemme skal bli hørt gjennom involvering og medverknad.

3.3. Satsinga nærvær-fråvær

I denne tverrfaglege satsinga om livsmeistring for barn og unge har nærvær-fråvær vore eit eiga satsingsområde i Os kommune. Ordninga blir vidareført i Bjørnafjorden kommune gjennom at skuleeigar utarbeider felles system og rutinar. Målet med arbeider er å forebygge skulefråvær. Elevar som ikkje er på skulen går glipp av det viktige fellesskapet skulen er, samt at dei «mister» lange periodar med undervisning. Koronastenginga har gitt oss verdifull erfaring som og kan nyttast i oppfølginga av denne gruppa elevar.

Skulefråvær er eit samansett problem som treng ei tverrfagleg løysing. I 2016 (Os kommune) ble det utarbeida ei tiltakspakke for skulefråvær, «Sjåast i morgen» (SIM). Denne tiltakspakka er under revidering og vil bli vidareført i Bjørnafjorden kommune. System og rutinar for oppfølging av skulefråvær blir ein del av skuleeigar sitt forsvarlege system.

I rutinane har vi utarbeidd ein presentasjon som alle skulane skal vise på foreldremøta frå 1.-10. trinn. Slik sikrar vi at alle foreldre får kjennskap til satsinga. I presentasjonen er det spesielt fokus på kva bekymningsfullt fråvær er, samt at vi synleggjer faktorar knytt til fråvær.

Vi har etablert eit «SIM-team» som vil besøke alle skulane i Bjørnafjorden og gjennomføre fagøkter med heile personalet. Teamet vil peike på skulen som førebyggjande arena, presentere SIM-permen og gi personalet opplæring i å fylle ut- og skåre skjema knytt til fråværssproblematikk.

Barnehagen er også ein arena der vi bør jobbe med fråvær. Alt her kan ein sjå tendensar til at barn nokre dagar ikkje vil gå i barnehage og at foreldra lar dei få lov til å sleppe. Det er viktig at barna går i barnehagen dei avtalte dagane for å innarbeide gode vanar i å delta der det er forventa og blir ein del av fellesskapet. Dette er eit godt eksempel på tidleg innsats i praksis. Vi vil kople barnehagen tettare på satsinga omkring nærvær-fråvær.

3.4. DUÅ - Dei utrolege ára

I fleire år har det vore eit nasjonalt satsing å bidra til ei betre psykisk helse for barn og unge. Dei siste åra har barnehagane i Os fått tilbod om kursing i "Dei utrolege ára". Satsinga er forankra i "Betre læringsresultat" og "Kvalitetsplanen for oppvekst og kultur" i tidlegare Os kommune, og hovudansvaret for tilbodet er knytt til PPT. DUÅ er ein systematisk arbeidsmetode som har fokus på å styrke dei tilsette sin kompetanse i leiing av barnegrupper, styrke arbeidet med å fremme god psykisk helse og forbyggje åtferd- og sosiale vanskar hos barn. Dei fleste barnehagane på Os sida har gjennomført DUÅ kurset og kompetansehevinga har vore eit felles utgangspunkt for tidleg innsats på tvers av dei ulike fagtenestane og barnehagane gjennom fleire år. Vi får gode tilbakemeldingar på DUÅ-satsinga, både som tiltak for kompetanseheving og tidleg innsats. Det er i gang eit arbeid for å gi dette tilbodet til alle barnehagane i heile Bjørnafjorden kommune.

Hausten 2019 starta kommunen med DUÅ foreldrerettleiingskurs. Dette har vore eit populært tilbod og kursa har vore fullteikna med ventelister kvar gong. Dette er eit kurs som er retta inn mot føresette med barn i alderen 2-6 år. Tilbakemeldingane har vore positive og deltakarane meiner det bør vere eit tilbod til alle føresette.

3.5. Tidleg innsats 1.-4.trinn

Tidleg innsats, inkludering og eit godt tilpassa pedagogisk tilbod er berande prinsipp for regjeringa sitt arbeid med å forbetra utdanningssystemet vårt. Vi skal ha ein barnehage og skule som gir moglegheiter for alle barn og unge – uavhengig av sosial, kulturell og språkleg bakgrunn, kjønn,

kognitive og fysiske skilnadar. Det krev inkluderande fellesskap og tidleg innsats. Stortingsmeldinga (2019-2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Denne meldinga bygger vidare på kunnskapsgrunnlaget frå nye rapporter, *Inkluderende fellesskap for barn og unge* frå ekspertgruppa for barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging (Nordahl-rapporten 2018) og NOU 2019: 3 *Nye sjanser – bedre læring*. Kjønnsforskjeller i skuleprestasjonar og utdanningsløp frå Stoltenberg-utvalet. Regjeringa vil i denne stortingsmeldinga legge til rette for at kompetansen kjem tett på barna og elevane. Målet er å styrke det tverrfaglege samarbeidet og setter i gang eit varig kompetanseløft på det spesialpedagogiske feltet for tilsette i barnehagar, skular og PP-tjenesta. Regjeringa vil også legge til rette for eit meir likeverdig SFO-tilbod, og at flest mogleg skal kunne gå på SFO, uavhengig av bakgrunn.

Bjørnafjorden kommune prioriterar tidleg innsats på 1.-4.trinn gjennom ulike delsatsingar.

3.6. Overgang frå barnehage til skule

Hausten 2019 ble det utarbeida «plan for overgang frå barnehage til skule i Bjørnafjorden kommune». Gjennom felles system og rutinar skal planen sikre kvalitet og eit likeverdig tilbod i overgang frå barnehage til skule. Planen er ein del av skuleeigar sitt forsvarlege system.

Skulane og barnehagane har plikt til å samarbeide om å gi barna ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og SFO. Dette handlar om å legge til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som tar vare på barnet sitt behov. Læringspotensialet hos det enkelte barn skal takast i vare og det vidare skuleløpet skal ta utgangspunkt i og bygge vidare på kunnskap og erfaringar frå barnehagen. Ein god samanheng mellom barnehage og skule skal ivareta barnet sitt behov for tryggleik i ein overgangsprosess, og bidra til at opplæringa blir tilpassa det enkelte barn alt frå fyrste skuledag.

Plikta til samarbeid mellom barnehage og skule er forankra i lovverket, Lov om barnehagar §2 a. *Plikt til å samarbeide med skolen om overgangen fra barnehage til skole* og i Opplæringslova § 13-5. *Plikt til å samarbeide med barnehagen om overgangen til skolen*. Skoleeigar har hovudansvaret for samarbeidet og skal utarbeide ein plan for overgangen frå barnehage til skule og skulefritidsordning.

Barnehagen og skulen skal i tett samarbeid med føresette legge til rette for gode overgangar. Det er spesielt viktig med et nært samarbeid for barn som har behov for særskilt tilrettelagt omsorgs- eller læringsmiljø. Dersom det er behov for omfattande tilrettelegging, skal samarbeidet etablerast i god tid før barnet begynner på skolen. I «plan for overgang frå barnehage til skule» er det utarbeidd eit eiga årshjul for barn med særskilte behov for å sikre gode og trygge overgangar.

I overgangen frå barnehage til skule er det eit skifte i gjeldande lovverk, frå «lov om barnehage» til «opplæringslova». For å sikre ein god overgang til skulen, for barn med særskilde behov, har kommunen etablert ordninga med «god start»-ressurs. I tillegg er det opning for at tilsette som kjenner barnet frå barnehagen eller PPT kan følgje over i skulen nokre dagar dei første vekene. Gjennom denne satsinga sikrar vi kontinuitet, vidareføring og modellering av det spesialpedagogiske arbeidet frå barnehagen over i skulen.

3.7. Begynnarpoplæringa

Begynnarpoplæringa er ei ny satsing på skuleområdet. Det skal utarbeidast ein rettleiar/handbok for arbeidet på 1.trinn. Det er etablert ei arbeidsgruppe med representantar frå lærarar på småskuletrinnet, PPT og stab oppvekst. Arbeidsgruppa har starta arbeidet og begynnarpoplæringa vil bli presentert i ulike møtepunkt og det vil bli gjennomført fagsamlingar for pedagogane på 1.trinn i løpet av skuleåret 2020-21. I folkehelserapporten og resultata frå nasjonale prøvar kjem det fram at vi har for mange elevar med svake resultat. Gjennom satsinga på tidleg innsats og begynnarpoplæring legg vi til rette for betre grunnleggande ferdigheitar hos elevane som legg grunnlaget for eit betre

læringsutbytte. Desse ferdighetene er del av den faglege kompetansen og nødvendig reiskap for læring og fagleg forståing. Dei er også sentrale for utviklinga av elevane sin identitet og sosiale relasjoner, og for å kunne delta i utdanning, arbeid og samfunnsliv.

Kartleggingsprøver 1.-4.trinn

Kartleggingsprøver er ein del av kunnskapsgrunnlaget for kvalitetsvurdering i skulen.

Kartleggingsprøver i grunnskolen blir gjennomført på 1. - 4. trinn. Målet med kartleggingsprøver er å avdekke behov for individuell oppfølging og tilrettelegging på individ- og skulenivå gjennom tidleg innsats. Informasjonen frå prøvene må sjåast i samanheng med anna informasjon og vurdering skulen har til kvar enkelt elev. Resultata skal ikkje rapporterast til Utdanningsdirektoratet. Skuleigar vil sikre lik gjennomføring og oppfølging av kartleggingsprøvene gjennom felles system og rutinar for dette arbeidet. Skuleigar vil vere i dialog med kvar skule omkring oppfølging av resultat. Oppfølging av kartleggingsresultata og plikta til å gi intensiv opplæring, §1.4, heng tett saman.

Intensiv opplæring

I august 2018 ble § 1-4. Tidleg innsats på 1.- 4. trinn innført. Lovendringa skal sikre at elevar på 1.- 4. trinn som står i fare for å bli hengjande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Grunnleggande ferdighet i lesing, skriving og rekning er viktige for den framtidige læringa og meistringa til eleven og seinare i arbeids- og samfunnslivet. Intensiv opplæring skal vere ein del av den ordinære tilpassa opplæringa. Det er ikkje spesialundervisning. Målet er at elevar som treng det, raskt skal få eigna støtte og oppfølging slik at problema ikkje får høve til å utvikle og forsterke seg.

Intensiv opplæring er ei sentral satsing i tidleg innsats arbeidet. Vi vil sikre likeverdig tilbod om intensiv opplæring på skulane våre gjennom felles system og rutinar. Intensiv opplæring er ei plikt for kommunen, men ikkje ein individuell rett for eleven. Intensiv opplæring vil vere team i ulike møtepunkt.

Realfagsatsinga

I 2018 utarbeida Fusa kommune ein strategisk plan for realfagsatsinga i barnehage og skule.

Realfagsatsinga er ei fleirårig satsing som blir vidareført i Bjørnafjorden kommune for dei barnehagane og skulane som er i gang med denne satsinga. Satsinga skal sikre grunnleggande ferdigheter i realfag.

Satsinga er eit systematisk arbeid med realfag: plan for dei ulike aldersgrupper med fokus på hovudtema i naturfag som; vatn, energi, kjemi, fysikk, biologi, teknologi, og i matematikk: form, tal, rom. Gjennom dette arbeidet sikrar ein at barna har lik plattform innan realfag når dei startar på barneskulen og sikra at dei har lik plattform når dei skal over på ungdomsskulen.

I barnehagane skal ein ha fokus på omgrep og undring innan naturfag og matematikk. Målet med satsinga er meir læring hos alle og heilskap i heile opplæringsløpet, gode læringsresultat i 10 trinn, få med alle barna, dei som treng ekstra støtte og dei som treng ekstra utfordringar, utjamne forskjell mellom høg og lavt presterande barn/elever og å sjå heile opplæringsløpet (0-16 år) i ein samanheng. Vi vil i ulike møtepunkt og nettverk sikre erfaringsdeling frå denne satsinga ut i alle barnehagane og skulane i Bjørnafjorden kommune.

3.8. Trivselsprogrammet (TL)

Trivselsleder er Skandinavias største program for aktivitet og inkludering i barne- og ungdomsskulen. Trivselsprogrammet skal bidra til betre samhold og eit tryggare skulemiljø, gjennom organisert aktivitet i friminutta. Trivselsprogrammet sitt mål er å gi auka trivsel, meir variert undervisning, bygge vennskap, førebyggje konfliktar og mobbing og bidra til inkluderande elevar. Alle barneskulane i Bjørnafjorden kommune er TL-skular. Skulane melder at TL satsinga har positiv effekt på skulemiljøet, både fagleg og sosialt. Denne satsinga er ein viktig del av arbeidet med et trygt og godt skulemiljø, §9 A *Elevane sitt skulemiljø*.

3.9. Vatntilvenning/symjeopplæring

Via Fylkeskommunen Vestland kan kommunar, barnehagar og frivillige organisasjonar som ønsker å drive symjeopplæring i barnehagen i alderen 4-6 år, søkje om tilskot for eitt kalenderår om gongen. Tilskotet skal bidra til å gjennomføre tiltak for å gi barn i barnehage tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn.

I Bjørnafjorden er det 14 barnehagar som har mottatt dette tilbodet. På Fusa-sida deltar både kommunale- og private barnehagar. Dei får tilbod i basseng med to instruktørar frå IL Fusa symjeklubb. Barna blir skyssa inn til Framo-badet, og i ventetida mellom basseng og busstur får barna nytta gymsalen på Framo Aktiv. På Os sida er det sju private barnehagar som har vatn tilvenning.

3.10. Skulebibliotek

I 2018-19 var skulebiblioteket eit eige prosjekt i «på veg mot nye Bjørnafjorden kommune». I dette prosjektet blei alle skulebiblioteka i Fusa kommune og Os kommune kartlagde. Det blei gjennomført eit omfattande arbeid med rydding, sortering og oppgradering av skulebiblioteket.

Skulebiblioteket er ein pedagogisk ressurs og har ein sentral rolle i skulekvardagen. Eit godt skulebibliotek fremjar leseglede og trivsel. Det er ein lærings- og danningsarena, og ein reiskap for læraren. Med aktiv bruk av biblioteket kan vi få elevane til å lese meir, øve dei opp i kritisk tenking og få dei til å bruke ulike informasjonskjelder i skulearbeidet. Opplæringslova med forskrift slår fast at alle elevar skal ha tilgang til eit bibliotek, at biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skulen og at det skal brukast aktivt i undervisninga. Skulebiblioteket er ein læringsarena på tvers av fag og eit verktøy for formidling av trykte og digitale tekstar, uavhengig av elevane sitt lese- og funksjonsnivå.

Biblioteket kan bidra til å utjamne sosiale og digitale skilje og fremje personleg vekst hos den enkelte elev. Alle skulane i Bjørnafjorden kommune har skulebibliotek med ein skulebibliotekansvarleg. Gjennom tett samarbeid med folkebiblioteket og nettverk for dei skulebibliotekansvarlege vil vi sikre kvalitet i arbeidet med skulebiblioteket gjennom opplæring, erfaringsdeling og samarbeid.

4. RESULTAT

4.1. Elevar og lærarar

Os kommune

Indikator og nøkkeltal	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Talet på elevar	2 744	2 794	2 898	2 974	3 018
Talet på skular	12	12	12	12	12
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	157	156	161	170	182
Talet på lærarar	263	266	269	286	291

Fusa kommune

Indikator og nøkkeltal	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Talet på elevar	533	424	417	380	369
Talet på skular	7	5	5	5	5
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	37	34	31	29	26
Talet på lærarar	73	62	63	62	58

Økonomi

Os kommune

Indikator og nøkkeltal	2015	2016	2017	2018	2019
Driftsutgifter per elev	97 902	102 202	102 639	106 137	111 348
Lønnsutgifter per elev	77 190	80 670	82 119	86 566	91 583
Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter	79,6	81,2	83,1	85,5	89,1
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	1 630	1 031	929	828	1 159
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	1 987	1 835	1 560	1 586	1 672

Fusa kommune

Indikator og nøkkeltal	2015	2016	2017	2018	2019
Driftsutgifter per elev	123 972	139 476	147 998	155 070	176 644
Lønnsutgifter per elev	101 040	111 220	121 527	127 612	137 344
Prosentandel lønnsutgifter av totale utgifter	83,9	81,0	83,0	82,2	78,0
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev	1 383	777	1 140	824	1 140
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev	2 116	1 797	2 187	1 980	1 854

Os kommune

Indikator og nøkkeltal	2017-18	2018-19	2019-20
Talet på elevar	2 898	2 974	3 018
Årsverk for undervisningspersonale	219,4	243,4	250
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	99,7	99,4	99,4

Fusa kommune

Indikator og nøkkeltal	2017-18	2018-19	2019-20
Talet på elevar	417	380	369
Årsverk for undervisningspersonale	46,6	45,9	43,0
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	94,3	92,4	93,0

Tal elevar

Tal frå elevindikatoren opplyser om det som er registrert ved offentlege grunnskular per 1. oktober 2019. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein offentleg grunnskule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring.

Auke i elevtalet

I Os aukar elevtalet med 44 elevar. Dette er ein litt mindre auke enn vi har hatt dei siste åra. I Fusa er elevtalet redusert i kommunale skular med 11 elevar.

Tal lærarar

I Os aukar vi med ca. sju årsverk for lærarar. I Fusa har vi ein nedgang på ca. tre årsverk. Driftsutgifter pr. elev blir høgt på skular med få elevar. 176 000 i Fusa mot 111 000 i Os-området.

Lærarnorma

Når det gjeld oppfylling av lærarnorma har vi fem av dei største skulane som ikkje når denne. Frå hausten 2019 skal gruppestørrelse vere 15 elevar på 1-4. trinn og 20 på 5.-7. trinn og 8.-10. trinn. Gruppestørrelse er ein indikator som viser tal elever per lærar i ordinær undervisning. Ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskilt norsk skal ikkje reknast med.

For å oppfylle lærarnorma på Os-sida manglar vi 5,1 stillingar på barnetrinnet fordelt på 5 av dei største barneskulane våre. Vi manglar 3,1 stilling på ungdomstrinnet. I Fusa-delen er lærarnorma oppfylt med god margin. Vi har ca. 9 stillingar i pluss. Skular med lågt elevtal vil ofte kome ut i pluss. Som kommune oppfyller vi samla sett er over krava til lærarnorma. Men norma per per i dag på skulenivå.

4.2. Resultat nasjonale prøver

Å beherska grunnleggjande ferdigheiter er nødvendig for læring og utvikling i skule og deltagning i seinare samfunnsliv. Dei grunnleggjande ferdighetene, slik dei er definert i Kunnskapsløftet, er å kunne uttrykkje seg skriftleg, å kunne lese, å kunne uttrykkje seg munnleg, å kunne rekne og å kunne bruke digitale verktøy. Grunnleggjande ferdigheiter er integrert i læreplanane for fag.

Nasjonale prøver skal gi informasjon om i kor stor grad elevane sine grunnleggjande ferdigheiter er i samsvar med måla i læreplanen. I løpet av hausthalvåret blir det gjennomført prøver i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn, samt i lesing og rekning på 9. trinn.

Kartlegginga av elevane sine læringsresultat skal, saman med anna vurdering, danne grunnlaget for å iverksette forbetringstiltak både retta mot den enkelte elev og på skule- og kommunenivå. Resultata er i hovudsak offentlege, og er publisert på www.skoleporten.no.

Resultata på 5. trinn er delt inn i tre meistringsnivå. Elevane på nivå 1 er på lågaste nivå og 3 er høgaste nivå. På ungdomstrinnet er resultatet av dei nasjonale prøvene delt inn i fem meistringsnivå, der nivå 5 er det høgaste.

Nasjonale prøver i lesing og rekning skal kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for dei grunnleggjande ferdighetene lesing og rekning, slik dei er integrerte i kompetansemåla (LK06).

Engelsk er ikkje ei av dei grunnleggjande ferdighetene i LK06. Derfor skil prøvene i engelsk seg frå dei andre nasjonale prøvene ved at dei tar utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Talet for fritekne viser prosentandelen av elevar som har fått fritak frå den aktuelle prøva i tråd til forskrift til Opplæringslova § 2-4 eller forskrift til privatskolelova § 2-4.

Talet for "ikkje delteke" viser prosentandelen elevar som ikkje har deltatt på den aktuelle prøva av andre årsaker enn at dei har fått fritak.

Skulen, kommunen og dei nasjonale myndighetene skal bruke informasjonen frå dei nasjonale prøvene i arbeidet med å forbetre kvaliteten på opplæringa.

Målsetting

Elevane i Bjørnafjorden kommune skal utvikle dei grunnleggjande ferdighetene. Desse er føresetnad for læring og utvikling i skule, arbeidsliv og samfunn og har påverknad for utviklinga av identitet og sosiale relasjoner. Vi ønsker at resultata frå nasjonale prøver er på likt nivå eller betre, samanlikna med nasjonalt snitt.

Hovudtrendar for resultat

Os kommune 2019/2020

- Resultata på 5. trinn visar ein tilbakegang for elevar i Os området
- Fleire skular har eit svakare resultat enn åra før
- Ein skule, som har hatt gode resultat i fleire år, har dette året ein tydeleg tilbakegang
- På 8. trinn har vi eit resultat som er ganske likt fjoråret. Vi ser ein liten nedgang i lesing.
- På 9. trinn har vi gode resultat og framgang
- Pga. situasjonen rundt Covid-19, har vi ikkje hatt felles gjennomgang med alle skular om resultata.

Fusa kommune 2019/2020

- Kun 14 elevar har gjennomført Nasjonale prøver på 5. trinn. Det er ikkje hensiktsmessig å kommentere tala.
- 8. trinn: I engelsk ligg resultata på nasjonalt nivå. Når det gjeld lesing og rekning ser vi eit godt resultat med få elevar på dei lågaste nivåa
- På 9. trinn ligg Fusa noko under nasjonalt nivå i lesing, men utviklinga er positiv. I rekning er alle elevane samla på nivå 2, 3 og 4.

Oppfølging av resultata

Resultata på dei nasjonale prøvene blir følgd opp med analyse, drøfting og tiltak på kvar skule. Dette skal bidra til meir fokus på grunnleggjande ferdigheitar, samt auke kvaliteten på opplæringa slik at fleire elevar utviklar seg vidare og opplev meistring.

Resultata frå nasjonale prøver må alltid sjåast i samanheng med anna informasjon, kartlegging, vurdering og resultat.

Bjørnafjorden arbeider for å lage felles rutinar for oppfølging av nasjonale prøver. Også framover vil vi legge opp til grundige drøftings- og refleksjonsmøte der alle skulane er representerte. På grunn av Koronasituasjonen har vi ikkje fått gjennomført dette i vår. Likevel gjennomførte vi ei delingsøkt rundt nasjonale prøver i digitale rektormøte. I tillegg har kvar skule levert ein oversikt som synleggjer rutinar og refleksjonar rundt oppfølging av nasjonale prøver. Resultat frå Nasjonale prøver blir presentert årleg i Tenesteutvalet.

Lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg elevane sine grunnleggande ferdigheiter i lesing. Dette i samsvar med mål slik dei er integrerte i Læreplanen frå 2006. Utdanningsdirektoratet definerer lesekompetanse som at elevane kan forstå, bruke, reflektere over og engasjere seg i skrivne tekstar for å kunne nå måla sine, utvikle kunnskapen sin og evnene sine, og delta i samfunnet.

Rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik den er integrert i kompetansemåla. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde: Tal, måling og statistikk.

Prøvane i rekning på 5.trinn tar utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei: Kan løyse ei gitt utfordring, kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar, kan vurdere om svara er rimelege og kan ha effektive strategiar for enkel talrekning.

Prøvane i rekning på ungdomstrinnet tar utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei: forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring, kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar, kan vurdere om svara dei får er rimelege og kan vise effektive strategiar for enkel talrekning.

Engelsk

Nasjonale prøver i engelsk skal kartlegge i kva grad elevane sine leseferdigheiter i engelsk er i samsvar med kompetansemål knytt til leseforståing, vokabular og grammatikk. Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggande ferdigheitene som er integrert i kompetansemål i læreplanane i alle fag i Læreplanen av 2006. Prøvane tar utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk.

4.3. Nasjonale prøver - fritatt og ikkje deltatt

Kommunane har eit lavt tal elevar med fritak på Nasjonale prøver. Vi har nokre skular med noko høge verdiar. Generelt har vi likevel lågt fritak og ikkje mange elevar som ikkje deltek på prøvene.

Skoleporten - Nasjonale prøver - fritatt og ikkje deltatt					
Bjørnafjorden kommune skuleeigar					
Offentleg, Trinn 5, Begge kjønn					
Indikator og nøkkeltall	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Engelsk, fritatt	4,1	2,4	4,9	3,6	2,9
Lesing, fritatt	4,5	2,1	4,9	3,3	2,5
Regning, fritatt	3,4	2,4	2,8	2,7	2,9
Engelsk, ikkje deltatt	0,7	2,8	1,0	0,3	0,6
Lesing, ikkje deltatt	0,4	3,1	0,3	0,0	1,0
Regning, ikkje deltatt	1,1	1,7	0,7	0,3	1,0
Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn					
Indikator og nøkkeltall	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Engelsk, fritatt	0,0	4,1	0,0	2,2	0,7
Lesing, fritatt	0,4	2,4	0,0	1,5	1,3
Regning, fritatt	0,0	1,6	0,0	1,9	0,3
Engelsk, ikkje deltatt	3,1	0,8	3,7	0,4	0,7
Lesing, ikkje deltatt	2,2	0,8	3,7	1,1	0,7
Regning, ikkje deltatt	0,9	2,4	4,1	0,4	0,0
Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn					
Indikator og nøkkeltall	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	2019-2020
Lesing, fritatt	0,8	1,7	0,0	1,5	4,1
Regning, fritatt	0,0	1,3	0,0	1,5	4,1
Lesing, ikkje deltatt	3,5	0,9	6,5	2,2	0,7
Regning, ikkje deltatt	4,6	1,3	4,0	2,2	1,1


Generelt om arbeidet med resultata

Det har vore vanskeleg å gjennomføre eit felles analysearbeid knytt til nasjonale prøver denne våren. Dette handlar om to ulike forhold, der det første er knytt til kommune-samanslåinga og det andre til Koronasituasjonen. I og med at Os og Fusa var to separate kommunar då nasjonale prøver vart gjennomførte hausten 2019, og at vi på det tidspunktet hadde ulike satsingar og fokusområde, er det ikkje fruktbart å sjå resultata under eitt. I tillegg har Koronasituasjonen gjort det vanskeleg å få til fellessamlingar for grundige refleksjonar og erfaringsdelingar. Noko av arbeidet har blitt gjort via digitale møte, men i mykje mindre skala enn før. Når vi ser på vegen vidare vil vi etablere gode rutinar for dette arbeidet og mellom anna kalle inn til fellessamlingar der vi arbeider grundig med resultata.

4.4. Resultata i Os

Elevtalet på 5.trinn: 369 elevar

5.trinn Lesing, rekning og engelsk Os kommune




Vi ligg under nasjonalt nivå på alle tre prøvene, og det er i lesing vi har dei svakaste resultata. Dette til tross for ei langvarig satsing på lesing i Os kommune gjennom "Leselos" og "Ungdomstrinn i utvikling". Med tanke på utviklinga dei siste åra, der vi sakte men sikkert har hatt ei positiv trend, håper vi dette er eit unntaksår og at pilen går i riktig retning i åra framover.

I rekning og engelsk har vi også ei nedgang samanlikna med fjaråret. Særleg gjeld dette i rekning. Noko av dette kan forklarast med at ein av skulane våre, som gjennom mange år har gjort det svært bra, har svake resultat i år, men vi er usikre på kva andre forhold som har påverka resultatet. I tida framover vil vi setje av tid til endå grundigare prosessar for å få svar på dette. Men viktigast av alt er prosessane med å utvikle oss i riktig endring og å endre rutinar og undervisningsformer som ikkje fungerer godt nok.

Generelt kan vi seie at vi er overraska og skuffa over dei svake resultata på 5.trinn. Særleg fordi vi har jobba mykje med grunnleggjande ferdigheter, men og fordi svært mange lærarar stadig får auka fagkompetanse gjennom vidareutdanning. Det vi undrar oss over, er om noko av dei svake resultata kan knyttast til at vi framleis ikkje er varierte og praktiske nok i undervisninga, og at elevane ikkje kjenner at opplæringa er relevant nok (sjå resultat på Elevundersøkinga 2019). Dette er forhold vi må utforske meir i tida som kjem.


Lesing 5. trinn Os kommune



Os kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Vi har eit tydeleg svakare resultat enn fjoråret. Skulane har hatt eit sterkt fokus på å auke lesekompetansen hos dei svakaste lesarane. Dette har konkret handla om forsterkingslærarar (intensiv opplæring og lesing i alle fag). Vi er overraska over at vi i år ser at vi har så mange svake lesarar og så få sterke lesarar. Ein av skulane som har gjort det svært bra i mange år har i år eit mykje svakare resultat dette året. Vi veit at dette er eit trinn skulen har arbeidd mykje med fagleg og sosialt.


Rekning 5. trinn Os kommune



Os kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Resultatet i rekning viser at vi har ei auke i tal elevar på meistringsnivå 1. Vi har og færre elevar på meistringsnivå 3. Vi er overraska over at samla resultat ikkje er betre.

Engelsk 5. trinn Os kommune




Os kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Også i engelsk har vi eit svakare resultat enn det vi har hatt dei siste åra. 34,2 på meistringsnivå 1 er for høgt. Vi har og litt færre elevar som skårar på meistringsnivå 5.

8.trinn: Lesing, rekning og engelsk Os kommune


Elevtalet på 8.trinn: 297 elevar



Generelt har vi ei mindre endring på 8. trinn. Vi ligg likevel ikkje langt under det nasjonale resultatet.

8.trinn Os kommune


Lesing



Os kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Lesing på 8. trinn visar ein mindre endring frå fjaråret, og vi er framleis ikkje nøgde med resultata. Vi har for mange elevar på meistringsnivå 1 og litt færre elevar på meistringsnivå 4 og 5.


Rekning 8. trinn Os kommune



Os kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

I rekning på 8.trinn er vi ikkje nøgde med resultatet, vi har noko fleire elevar på meistringsnivå 1, mens talet på dei øvste nivåa er relativt likt med fjoråret. Vi er glade for at langt færre elevar ligg på dei to lågaste nivåa når dei kjem til 9.klasse.

Engelsk 8. trinn Os kommune




Os kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Samla sett skårar vi noko betre i engelsk, enn i lesing og rekning på 8.trinn. Resultata er relativt like samanlikna med fjoråret. Vi er framleis ikkje nøgde med å ha såpass mange elevar på dei to lågaste nivåa.


9.trinn: Lesing og rekning i Os kommune

Elevtalet på 9.trinn: 268 elevar



9.trinn


Lesing 9. trinn Os kommune



Vi er nøgde med å ha ei så stor gruppe elevar (ca. 45%) på dei to øvste nivåa. Dette betyr at mange av elevane våre er gode lesarar. Dette talet er mykje betre enn på 8.trinn. vi er derimot ikkje så nøgde

med å ha nesten 17 % av elevane på nivå 1 og 2. Når vi veit kor viktig lesing er i alle fag, er dette ei gruppe elevar vi må arbeide endå meir målretta inn mot.

Rekning 9. trinn Os kommune



Os kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn

Vi har svært få elevar på nivå 1, og relativt mange på nivå 4 og 5. Dette er positivt. Samanlikna med resultata i fjor, som var veldig gode, har vi ein liten nedgang.

	-4	-3	-2	-1	0	1	2	3	4	Snitt
Endring mestringsnivå fra 8. trinn Lesing	0	0	1	18	120	94	14	0	0	0,41
Endring mestringsnivå fra 8. trinn Regning	0	0	0	12	126	96	12	1	0	0,45
Poeng										Snitt
Endring poeng fra 8. trinn Lesing								247	3,6	
Endring poeng fra 8. trinn Regning								247	4,64	

Generelt har vi ein positiv utvikling frå 8. trinn til 9. trinn. Tabellen over viser ein tydeleg positiv endring på dei to ungdomsskulane.

4.5. Resultata i Fusa

På grunn av kommunesamanslåinga, manglar vi i år verktøy for samanlikning av fleire årskull i Fusa.

5.trinn

Elevtal på 5. trinn: 14


Talet på elevar i Fusa som gjennomførte prøvene på 5.trinn var berre 14 elevar. Dette talet er så lågt at det ikkje er hensiktsmessig å omtale det.

8.trinn

Elevtal på 8.trinn: 60

Når vi ser resultata på 8.trinn i samanheng med fjoråret ser vi ei positiv utvikling på alle tre prøvene. Resultatet her må sjåast i samanheng med arbeidet på mellomtrinnet, som ser ut til å ha hatt positiv verknad på elevane sin faglege utvikling.


8.trinn: Lesing, rekning og engelsk Fusa kommune



Når det gjeld lesing og rekning ser vi eit godt resultat med få elevar på dei lågaste nivåa, og mange på dei øvste. Vi merker oss at jentene gjer det betre enn gutane i lesing, og at dei i særleg grad bidreg til at snittet er høgt. I rekning er det noko jamnare mellom kjønna, men gutane ligg noko over jentene.

I engelsk ligg resultata på nasjonalt nivå. Dette er vi godt nøgde med.


8. trinn: Lesing i Fusa kommune



Fusa kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

I lesing på 8.trinn er resultata relativt gode med få elevar på lågaste nivå og mange på dei høgaste nivåa. Utviklinga dei siste åra er positiv.


8. trinn: Rekning i Fusa kommune



Fusa kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Også i rekning har Fusa gode resultat på 8.trinn. Over 40 % av elevane ligg på dei to øvste meistringsnivåa, samtidig som veldig få elevar ligg på dei lågaste nivåa. Dette er svært positivt.

8. trinn: Engelsk i Fusa kommune




Fusa kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 8, Begge kjønn

Når det gjeld engelsk, ser vi at utviklinga er positiv, spesielt når det gjeld dei svakaste elevane. Talet på elevar som skårar høgt er relativt uforandra samanlikna med fjoråret.


9.trinn: Lesing og rekning i Fusa kommune

Elevtal på 9.trinn: 51



Fusa kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn


9.trinn Lesing Fusa kommune



Fusa kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn

Når vi ser på resultata i lesing på 9.trinn, så ligg dei noko under nasjonalt nivå. Samtidig ser vi i positiv utvikling samanlikna med fjaråret. Det er gledeleg at sjå at så få elevar ligg på meistringsnivå 1.

9.trinn: Rekning i Fusa kommune




Fusa kommune (utgått), Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Alle eierformer, Trinn 9, Begge kjønn

I rekning på 9.trinn har vi ingen elevar på nivå 1 og 5. Det er synd at ingen elevar ligg på nivå 5, og at alle elevane er samla på berre tre nivå. Det vi er glade for er at ingen elevar ligg på nivå 1.

4.6. Grunnskulepoeng

Samanslått for Bjørnafjorden kommune

Grunnskolepoengsum	06-07	07-08	08-09	09-10	10-11	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18	18-19	19-20
Bjørnafjorden kommune	-	-	38,95	41,3	40,03	40,43	39,44	39,91	40,81	41,13	42,31	42,47	41,19	42,94



I talet for 19-20 ligg berre standpunktcharakterar. Våren 2020 blei det ikkje gjennomført eksamen, verken munnleg eller skriftleg på grunn av Korona-situasjonen. Fordi eksamenscharakterar vanlegvis bidrar til at snittet går noko ned, ser vi at grunnskulepoenga i år ligg særleg høgt. Dette gjeld heile landet.

Oppsummering Nasjonale prøver

I Os har vi ein nedgang på 5.trinn som vi ikkje er nøgde med. I Fusa er elevgruppa på 5.trinn så liten at vi ikkje kan omtale resultata. Ungdomstrinnet har gode resultat.

Grunnskulepoeng

Vanskeleg å seie noko om desse resultata i år når eksamen blei avlyst.

Suksessfaktorar


- Nytt og større miljø i Bjørnafjorden kommune.
- Felles satsingsområde i alle skulane våre: Lesing og skriving som grunnleggande ferdighet, og sterkt fokus på eit godt læringsmiljø
- Utviklingsarbeid. Skulebasert kompetanseutvikling
- Intensiv opplæring
- Mange lærarar tar vidareutdanning

Utfordringar

- Redusere talet elevar på meistringsnivå 1
- Sprik mellom skulane sine resultat
- Særleg merksemrd på læringsfremjande undervegsvurdering
- Få alle skulebiblioteka meir involverte og sentrale i satsingsområdet
- Lesing og skriving


5. GJENNOMFØRING

Elevar frå Fusa kommune




Fusa kommune (utgått), Grunnskole, Overgangar, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn

Elevar frå Os kommune



Os kommune (utgått), Grunnskole, Overgangar, Alle eierformer, Alle trinn, Begge kjønn


Fullført og bestått Vg1



Fullført og bestått Vg2

Fullført og bestått Vg2

Fullført og bestått Vg2	06-07	07-08	08-09	09-10	10-11	11-12	12-13	13-14	14-15	15-16	16-17	17-18	18-19	19-20
Bjørnafjorden kommune	0	0	85,44	87,41	80,27	85,1	83,04	85,69	85,67	85,06	84,36	83,16	0	0



Vi har gjennom fleire år hatt gode resultat når det gjeld gjennomføring av Vg1 og Vg2. Dette gjeld gjennomføring på alle våre vidaregåande skular. Tala for Vg1 visar ein noko lågare gjennomføring på Vg1 for elevane i Bjørnafjorden kommune.

6. LÆRINGS MILJØ

6.1. Innleiing

Målsetting: Alle elevar i Bjørnafjorden kommune skal ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring

Fakta

- Elevane sin rett til eit godt og trygt skulemiljø er heimla i *Opplæringslova kapittel 9A*
- Alle skulane har planar som sikrar systematisk arbeid for å fremje helse, miljø og tryggleik til alle elevane
- Elevundersøkinga er obligatorisk for elevar på 7. og 10. trinn. Skulane nyttar òg andre verktøy for å undersøke meir, spesielt rundt temaet mobbing.
- Kap. 9A vil vere fokusområde i skuleleiarmøta for å sikre at skuleleiarane har kompetanse til å førebygge, møte og handtere mobbing på sin skule
- Alle skulane skal analysere og evaluere eigne resultat og dele dette med dei andre skulane i eit leiarmøte
- Autoritativ (varm og tydeleg) klasseleiing
- Vi har tett og god dialog med fylkesmannen- og deler og reflekterer saman med leiargruppa
- Ungdomsskulane er MOT-skular
- Resultata viser at elevane våre trivst på skulen, men at det er elevar som har opplevd krenking som mobbing, diskriminering eller trakkassering
- Elevane skal ta del i planlegging og gjennomføring av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø
- Ungdomsskulane har eit eige psykisk helse-prosjekt kvar haust. Årets prosjekt blir noko annleis pga. Korona-situasjonen
- På alle skulane våre har vi eit særleg fokus på nærvær og fråvær. Dette blir tema i leiarmøte, på nettverk og med personalet på den enkelte skule
- “Sjåast i morgen” (SIM- permen) skal brukast til å utarbeida eigne rutinar for fråvær på alle skulane
- Vi har etablert ressursteam på alle skulane

Elevundersøkinga er obligatorisk for elevar på 7. og 10. trinn, men skulane kan også gjennomføre undersøkingar på andre trinn om dei ønsker det. I tillegg nyttar skulane også andre verktøy for å kartlegge det psykososiale miljøet i klassen og på skulen.

I Bjørnafjorden arbeider vi heile tida for eit reelt inkluderande skulemiljø. Målet er at lærarar og leiing jamleg skal stille kritiske spørsmål til haldningar og praksis, og gjere det dei kan for å motverke marginalisering, både sosialt og fagleg. Vi vil halde fram med analysearbeid og sikre jamlege læringsøkter med utgangspunkt i elevundersøkinga. I arbeidet med det psykososiale miljøet skal også elevane medverke og bidra. Alle tilsette skal jobbe for å framstå som autoritative rollemodellar som er opptekne av å sjå kvar enkelt elev og bidra til å skape gode og trygge oppvekstmiljø for barn og unge i Bjørnafjorden.

Då elevane gjennomførte elevundersøkinga i desember 2019 var Os og Fusa framleis sjølvstendige kommunar. Likevel vil vi presentere resultata i eit samla Bjørnafjorden- perspektiv. Dette gjer vi fordi kommunane allereie hausten 2019 hadde eit tett samarbeid. Vi hadde til dømes fleire felles samlingar der læringsmiljø, tryggleik og trivsel var tema. I tillegg ser vi at resultata på fleire av områda er relativt like for dei to kommunane. På nokre område der vi har ulike resultat har vi valt å kommentere dette.


På grunn av koronasituasjonen har vi denne våren ikkje lykkast med å gjennomføre fellessamlingar i regi av skuleeigar, men kvar skule har arbeida med eigne resultat. På same måte som med nasjonale prøver, vil vi i tida framover sikre gode rutinar rundt arbeidet med elevundersøkinga. Vi vil kalle inn til fellessamlingar der erfaringsdeling og refleksjon vil vere tema. Eit av delmåla er å stille kritiske spørsmål til eigen praksis, samt å lære av kvarandre, på tvers av skular.

6.2. Elevundersøkinga 2019/2020 i Bjørnafjorden kommune


Vi går ikkje gå inn på alle dei ulike områda, men trekke fram nokre forhold vi meiner er speisielt viktige.

7.trinn

Trygt miljø 7. trinn



Trivsel 7. trinn



Som figurane over viser, så er det høg grad av trivsel blant elevane på 7.trinn. Tala er grøne og synleggjer at mange er svært nøgde med miljøet på skulen. Slik har det vore i ein lengre periode. Dette er svært positivt. For å synleggjere noko av det systematiske arbeidet som foregår på skulane våre, vil vi dele ei praksisfortelling frå Nore Fusa skule. Her har dei satt livsmeistring på timeplanen.


"Timen for livet"

Nore Fusa skule har sidan skuleåret 2017/2018 hatt timeplanfesta livsmeistring kvar veke på alle trinn. Vi har nytt «det er mitt val» i undervisninga der målet er å byggje relasjonar og vennskap, handtera tankar og kjensler, sette grenser for seg sjølv, respektere andre sine grenser og utvikling av god psykisk helse. Det har og blitt arbeida med psykologisk førstehjelp, som er eit «hjelptil sjølvhjelpmateriell» som rettar seg mot born og unge. Målet med dette arbeidet er å hjelpa barn med å rydda i tankar, og å handtera vanskelege situasjoner. Undervisninga har i hovudsak foregått trinnvis, men også på tvers av klassetrinn med ulike temagrupper. For skuleåret 20/21 arbeider vi med korleis livsmeistring skal inngå som eit tverrfagleg tema i alle fag, som ein del av fagfornyinga.

Gjennom skuleåret har vi fokus på felles sosiale aktivitetar for heile skulen. Døme på dette er temafredag siste fredag kvar månad, der både elevar og tilsette kler seg ut til eit tema bestemt av elevrådet (døme på tema: sydendag og pyjamasdag). Vi har og tidlegare arrangert heile temadagar, både trinnvis og på tvers av trinna. Døme på tema har vore psykisk helse, men også heile dagar med samarbeidsaktivitetar og fokus på relasjonsbygging og utvikling av gode klassemiljø.

Nore Fusa skule

6.3. Mobbing blant elevar



Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene?						
Ikkje i det hele tatt	En sjeldan gang	2 eller 3 ganger i måneden	Omtrent 1 gang i uken	Flere ganger i uken	Snitt	Trend
224	35	6	-	-	4,75	

Når det gjeld mobbing, så har vi relativt låge tal samanlikna med nasjonale tal. 4,75 % av elevane våre svarar at dei har blitt mobba 2-3 gonger i månaden, mens det på eit nasjonalt nivå meldast om 7,1 %. Sjølv om dette er låge tal, vil vi presisere at vi har nulltoleranse for mobbing, og heile tida arbeidar for at alle elevane våre skal ha det trygt og godt på skulen.


I samband med §9A-saker har skuleeigar vore i tett dialog med Fylkesmannen. Vi har hatt fellesøkt for alle skuleleiarane der fylkesmannen presenterte viktige prinsipp og god praksis, i tillegg til at skuleeigar og fylkesmannen har hatt eige møte knytt til "god oppfølging i §9A-saker". Med utgangspunkt i dette, arbeidar skuleeigar med å lage eit forsvarleg system.

Skulane har etterkvart fått gode system for å handtere §9A- saker etter systematisk arbeid i mange år. Det er derfor positivt at vi for tida har få pågåande saker hos Fylkesmannen. Skulane har innarbeida gode rutinar for å jobbe førebyggande, og i nødvendige tilfelle skrive aktivitetsplan. Når det gjeld elevdemokrati og medverknad, samt faglege utfordringar, skárar vi lågt. Vi ser at vi må jobbe endå meir med dette framover, både for å gjere elevane merksame på når og korleis dei medverkar, men også for å sikre oss riktige faglege utfordringar i dei ulike faga. Når det gjeld elevinvolering, så er elevrådet eit svært viktig organ. Slik det ser ut no har eit potensiale når det gjeld bruken av dette. Vi håper på å sjå ei positiv utvikling på dette området i samband med ny læreplan. I LK20 (Læreplanverket for Kunnskapsløftet) er medverknad og demokrati sentrale punkt, både når det gjeld det faglege og det psykososiale.

10.trinn Trygt miljø




Trivsel 10. trinn



Det ser ut til at elevane på 10.trinn også trivst på skulen, sjølv om resultata er noko lågare enn på 7.trinn. Vi er nøgde med at utviklinga går i riktig retning og at fleire elevar ser ut til å oppleve skolemiljøet som trygt.


Mobbing blant elevar



Det er svært positivt at vi ligg godt under det nasjonale nivået når det gjeld mobbing på 10.trinn. I Bjørnafjorden melder 4,6 % av elevane på dette trinnet at dei har blitt mobba dei siste månadene (4,91 % melder om digital mobbing). Dette er låge tal samanlikna med nasjonalt nivå.


Ikkje i det hele tatt	En sjeldent gang	2 eller 3 ganger i måneden	Omtrent 1 gang i uken	Flere ganger i uken	Snitt
231	22	7	3	0	4,83

Digital mobbing på 10. trinn



Vi ser av figuren over at få elevar opplever digital mobbing i Bjørnafjorden. Dette er svært positivt.

Elevdemokrati og medvirkning 10. trinn



Når det gjeld elevdemokrati og medverknad, samt ”vurdering for læring”, har vi eit dårleg resultat. Det same gjeld relevant, praktisk og variert opplæring. Dette er område skulane må arbeide meir systematisk og inngående med i tida framover. På same måte som på 7.trinn, trur vi den nye læreplanen vil påverke måten ein tenkjer læring på, og kanskje bidra til elevane opplever faga som meir relevante enn no.

Når det gjeld faglege utfordringar, ser vi at pila går i riktig retning. Her har vi sett ei positiv utvikling dei siste åra. Det same gjeld utdanning og yrkesrettleiing der vi også ser at elevane er meir nøgde i år samanlikna med tidlegare år.

Resultat

Jamt over har vi gode resultat når det gjeld trivsel og tryggleik, men vi er ikkje gode nok på elevmedverknad og variert og praktisk undervisning. Vi har låge mobbetal, men kvar enkelt sak må følgjast opp med aktivitetsplan.

Suksessfaktorar

- Elevane trivst og har det trygt
- Systematisk og kontinuerleg arbeid på skulane
- Godt samarbeid med fylkesmannen
- Nulltoleranse for krenking og mobbing gjer at tilsette har dette som førsteprioritet
- Trygge og kompetente vaksne driv førebygging gjennom å skape eit trygt og godt miljø'
- Tett samarbeid mellom skuleeigar og skulane
- Trivselsleiarprogram på alle barneskulane

Utfordringar

- Ulikskap mellom skulane og innad på kvar skule
- Fange opp sårbare elevar
- Vidareutvikle det systematiske arbeidet
- Klare å ha eit kritisk blikk på eige praksis
- Kome tidleg nok inn i vanskelege saker
- Sikre eit godt samarbeid mellom heim og skule
- Redusere fråværet på alle trinn og på alle skular

Plan for oppfølging

- Halde fram med den systematiske oppfølginga av rutinar og system
- Analyse og refleksjon rundt elevundersøkinga
- IBSM (Inkluderande barnehage og skolemiljø): Fire av skulane våre skal vere med i eit større prosjekt rundt dette.
- Ressursteam på kvar skule skal sikre god handtering av ulike utfordringar
- Sikre elevmedverknad
- Meistringsteamet er involvert i ein del vanskelege saker og bidrar der

7. OPPVEKSTEIGAR

Målsetting for arbeidet i barnehage og skule er knytt til Strategidokumentet for bygging av Bjørnafjorden kommune og til budsjett for kommunen sitt første driftsår. Fleire av resultata som blir presentert er knytt til siste driftsår i Os og Fusa kommunar. Vi er i ein etableringsfase og det påverkar området sin drift og kva vi har merksemd på i oppveksteigarrolla

Målsetting

- Ha eit forsvarleg system som sikrar at krava i lover og forskrifter blir overhalde. Opplæringslova § 13-10 og Barnehagelova § 7
- Sikre tilstrekkeleg barnehage- og skulekapasitet
- Oppfylle nærskuleprinsippet i Opplæringslova
- Oppfylle retten til barnehageplass
- Alle barn og unge skal ha eit oppvekstmiljø som fremmar helse, trivsel og læring og som gir meistring, tryggleik og anerkjenning
- Tidleg innsats for familiar og barn som har behov for bistand

Ansvarsliner mellom nivåa kjem fram i organisasjonskart, delegasjonsreglement og funksjonsbeskrivingar for leiarane. Leiaravtaler i Bjørnafjorden kommune er under utarbeiding.

Politikarar, administrativ skuleeigar og den enkelte barnehage og skule har eit felles ansvar for å vurdere og følge opp kvaliteten og resultata. Vi legg vekt på å vere ein aktiv oppveksteigar som er tett på barnehagane og skulane i kvalitets- og utviklingsarbeid. Viktige suksessfaktorar er at oppveksteigar er tett på med støtte og krav, og at vi har få, men felles satsingsområde som varer over tid. Satsingsområda skal vi jobbe saman om å utvikle i ny kommune. Det blir lagt stor vekt på samarbeid på tvers for å sikre at barn, elevar og familiar får koordinerte tenester. Fagtenestene har viktige nøkkelroller inn i barnehage og skule.

I etableringa av Bjørnafjorden er nytt kvalitetssystem tatt i bruk. Det er i oppbyggingsfasen og skal bidra til forsvarlege system innan barnehage og skule, og sikre god internkontroll og informasjonsflyt til alle tilsette.

Tidleg innsats blir følgt opp i eit samarbeid mellom administrativ oppveksteigar, barnehagane, skulane og PPT. Andre fagtenester innan Oppvekst og Helse blir kopla på ved behov. Perspektivet «Tidleg innsats» blir det arbeidd med både på individnivå og systemnivå.

Dialog mellom administrasjon og politisk nivå blir gjennomført gjennom årshjulet knytt til budsjett og tertialrapporteringar. I tillegg blir konkrete saksutgreiingar lagt fram etter politiske bestillingar i Formannskap, Kommunestyre og gjennom fokus på tenestene i Tenesteutvalet.

For å sikre barnehage- og skulekapasitet i kommunen skal det utarbeidast ny barnehagebruksplan og skulebruksplan. Desse vil kome til politisk behandling. Det blir arbeidd saman med planavdelinga. Målet var å legge fram barnehagebruksplan og skulebruksplan hausten 2020, men arbeidet er forseinka som følgje av mellom anna koronasituasjonen.

7.1. Oppfølging av skulane

Bjørnafjorden kommune har 14 kommunale barneskular, tre ungdomsskular, kulturskule og voksenopplæring. Det er dei kommunale skulane skuleeigar er ansvarleg for. Alle rektorane er einingsleiarar og har personal- og økonomiansvar. Det er laga funksjonsbeskrivingar og er gjort forventningsavklaringar med alle rektorane.

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsoppfølginga for skulane. I tillegg rapporterer vi status i skulane gjennom tertialrapportar og økonomirapportar. Det blir òg innhenta informasjon gjennom ansvarsdialog mellom administrativ skuleeigar, skuleleiingane og elevråda ved kvar skule. Skulane gjennomfører skulebasert vurdering der organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa på skulen er tema. Skulane skal vurdere i kva grad desse faktorane medverkar til at elevane når måla i Kunnskapsløftet og opplever motivasjon og meistring.

Kvart år gjennomfører vi ei leiarsamling der skulane deler resultat og analysar av elevundersøkinga og dei nasjonale prøvene med skuleeigar og leiinga på dei andre skulane. Delingsøkta er utgangspunkt for felles drøftingar og refleksjonar. Målet er å dele god praksis, men kanskje viktigast, at vi tar med oss den beste praksisen og arbeidar vidare med denne. I år er samlingen utsett grunna situasjonen rundt Koronaviruset.

Fordi vi har vore gjennom ei kommunesamanslåing dette året, er det unaturleg å sjå resultata frå nasjonale prøver Fusa og Os under eitt. Vi vel difor dette året å sjå på resultata for kommunane kvar for seg. Refleksjonane og drøftingane for vegen vidare vil likevel vere felles. Igjen ønsker vi å ta med oss gode idear og innspel og sikre den beste praksisen i Bjørnafjorden kommune. Når det gjeld Elevundersøkinga, har vi presentert resultata frå heile Bjørnafjorden under eitt, men peika på område der dei to kommunane er ulike. Skulane arbeidar stadig betre med å kartlegge og analysere eigne resultat og sette inn tiltak for forbetring. Skuleeigar vil helde fram med felles samlingar for å drøfte resultat og arbeide systematisk for å betre desse. I tillegg til dette er vi i gang med ei særleg satsing på "begynnaropplæring" og "LK20". Vi trur dette vil bidra til eit endå større fokus på tidleg innsats og grunnleggjande ferdigheitar.

7.2. Oppfølging av barnehagane

Vi har 8 kommunale barnehagar og 17 private barnehagar i Bjørnafjorden kommune. Oppveksteigar har ansvar for dei kommunale barnehagane. Alle styrarane er einingsleiarar og har personal- og økonomiansvar. Det er laga funksjonsbeskrivingar og er gjort forventningsavklaringar med alle styrarane.

Foreldreundersøkinga og ståstadsanalysen inngår i kvalitetsoppfølginga for barnehagane. I tillegg rapporterer vi status i barnehagane gjennom tertialrapportar og økonomirapportar. Det vert gjennomført ansvarsdialog ved kvar barnehage der vi har drøftingar rundt kvalitet og satsingsområder. I tillegg har vi 10 styrarmøter der vi drøftar ulike tema og har erfaringsdeling. Alle styrarane vert innkallt til medarbeidarsamtalar kvart år.

7.3. Tverrfagleg samarbeid

Gjennom året har barnehage – og skuleeigar vore i tett dialog med skulane i komplekse saker.

På barnehageområdet er det god dialog med PPT i oppfølging av enkeltbarn knytt til barnehagelova sine bestemmelser i §19a (spesialpedagogisk hjelp) og § 19g (tilrettelegging for ar barn med særskilte behov skal nyttiggjere seg barnehagetilbodet). Utvikling av samarbeidet med helsestasjonstenesta har vore særslig positiv og dette arbeidet vil fortsette. Det er helsestasjon og barnehage som treffer alle barn i kommunen. Barnehagane opplever god dialog med barnevernet i aktuelle saker.

Skuleeigar har vore med i møte med ulike instansar, til dømes BUP, PPT, barnevern, fastlege, psykolog mfl. Gjennom eit slikt samarbeid, og tett på leiing, kan vi bidra til å sikre god koordinering og eit endå bedre samarbeid mellom skule og heim, og på tvers av tenestene.

I samband med §9A-saker har skuleeigar også vore i tett dialog med Fylkesmannen. Vi har hatt ei fellesøkt for alle leiarane i skule der Fylkesmannen presenterte viktige prinsipp og god praksis. I tillegg var skuleeigar med i eit eige møte med Fylkesmannen der "god oppfølging i §9A-saker" var

tema. Med utgangspunkt i dette, vil skuleeigar lage eit forsvarleg system rundt dette i kvalitetssystemet til Bjørnafjorden kommune.

Arbeidet med godt barnehagemiljø er sentralt i alle barnehagane og blir løfta fram i felles møtepunkt mellom styrarane. Det vert gjennomføre kartlegging av barnehagemiljøet to ganger i året, og det vert laga tiltaksplan ut frå kartlegginga.

Etablering av ressursteam i barnehage og skule (omtala under felles satsingar) er ein viktig arena for tverrfagleg samarbeid.

Praksisforteljing frå BUA-lærlingane

“ Å vere lærling i Bjørnafjorden kommune er veldig bra. Det er snille menneske som tar godt vare på oss og som vil vårt beste. Vi merker at alle bryr seg, og det er lett å snakke med alle på pauserommet. Ein kjenner seg sett, og er ein like stor del av fellesskapet som alle andre.

Vi opplever å bli følgt opp på ein god måte, både av rettleiar og fagleg leiar. (skuleeigar). Det er lett å spørje om råd og vi får kjapt svar dersom vi lurar på noko. De lyttar til det vi har å seie, og bryr dykk om meiningsane våre. Vi får lov til å utfolde oss og får lov til å vere ei tilsett og ikkje berre ein observatør eller ein reserve.

Fagdagen vi hadde i haust var til stor hjelp og vi ønsker verkeleg at dette er noko vi kan gjenta fleire gonger. Det å møtast ein heil dag og ha tid til felles erfaringsdeling og refleksjonar, har gjort at vi er blitt betre kjende med kvarandre. Dette får ein ikkje til dersom ein berre treffast i nokre få møter. Vi opplever at både rettleiar og fagleg leiar verkeleg vil det beste for oss. Dette set vi stor pris på”.

system, mens andre er knytt til obligatoriske kurs som sikrar fagleg kompetente rettleiarar. Felles for rutinane er tett samarbeid og god dialog mellom den enkelte arbeidsplass og skuleeigar.

For å sikre likeverdige rutinar for alle lærlingane i Bjørnafjorden kommune, er vi i gang med eit større arbeid på tvers av dei ulike områda som pr. i dag har lærlingar. Målet er felles rutinar, større fokus på opplæring og kompetanseheving, likeverdige tilbod, og eit samla miljø

7.4. LK20 (Læreplanverk for Kunnskapsløftet)

Frå 01.08.2020 blei nytt læreplanverk, LK20 (Læreplan for Kunnskapsløftet) innført. Den nye læreplanen bidrar til at faga blir fornya og skal gi elevane rom for å lære meir og lære betre. Læreplanen skal vere eit verdiløft for skulane.

I Bjørnafjorden har vi brukt tid det siste året til å sikre god implementering. Hausten 2019 etablerte skuleeigar ei ressursgruppe som består av fagsjef, assisterande fagsjef, leiar for PPT, to rektorar og ein lærar. Gruppa har planlagt og gjennomført ei større samling for skuleleiarar og lærarar, samt tilsette i PPT, og utarbeidd ein milepælsplan som skal sikre at alle skulane arbeidar grundig med Udir sine kompetansepakkar. Vidare vil gruppa arrangere fellessamlingar for å utforske og bli betre kjend med læreplanen sin form og innhald. På grunn av Koronasituasjonen har vi ikkje kome så langt som vi ønsker, og fellessamlinga i vår måtte dessverre utgå.

7.5. Bjørnafjorden som lærebodrift

Dette året har vi hatt åtte BUA-lærlingar, seks av dei er førsteårlærlingar, mens dei to siste er inne i sitt siste år som lærling. Førsteårlærlingane har praksis i barnehage, mens dei to andreårs- lærlingane har praksis på barne- og ungdomsskule.

Gjennom året har vi fått på plass gode rutinar som bidreg til tett kontakt mellom skuleeigar og lærestad, trygge og kompetente rettleiarar, og tett oppfølging og ivaretaking av lærlingane. Nokre av rutinane handlar om erfaringsdeling, felles refleksjonsarbeid og arbeid med kompetanse mål satt i

for fagleiarar, rettleiarar og lærlingar i heile kommunen. Dette arbeidet vil halde fram utover hausten, men har dessverre stoppa opp litt no på grunn av Korona-situasjonen.

7.6. Innsatsteam mot mobbing i Bjørnafjorden kommune

I Os kommune har vi dei siste åra hatt eit innstatsteam mot mobbing på kommunalt nivå. Teamet har bestått av representantar frå barnehage, skule og forebyggande helseteneste, samt kommunepsykolog og skulefagleg rådgjevar. Fagsjef skule har leia teamet. Teamet har hatt fellesmøte fleire gonger i året og i tillegg vore tett på enkeltsaker. Deltakarar i teamet har vore støttespelarar for barn/ unge, føresette og skulane i komplekse mobbesaker. Det har også vore eit samarbeid mellom teamet og mobbeombodet i Hordaland fylkeskommune.

I Bjørnafjorden kommune vil vi halde fram med eit kommunalt innsatsteam mot mobbing. Vi arbeider no med å etablere eit funksjonelt team med tverrfagleg og relevant kompetanse.

7.7. Vidareutdanning

Dette året har Bjørnafjorden 27 lærarar som tar vidareutdanning gjennom "kompetanse for kvalitet". 14 av desse følgjer vikarordninga og tar vidareutdanning i eit av dei tre basisfaga norsk, engelsk eller matematikk. I tillegg er det mange som følgjer stipendordninga og som tar fag som "master i karriereval", "andrespråkspedagogikk", "spesialpedagogikk", "musikk", "åtferdsvanskar" mfl. Vi har også ein lærar på ungdomstrinnet som er i gong med "lærarspesialistutdanning" i norsk, samt ein leiar som tar den nasjonale "rekitorutdanninga". I mai fekk vi godkjend 25 nye søknadar gjennom Udir. Av desse er det 19 som skal ta vidareutdanning i basisfag. Ved å ha så mange lærarar som tar vidareutdanning kvart år, nærmar vi oss målet om at alle lærarar skal ha tilfredsstillande kompetanse i basisfaga. I tillegg til dette, ser vi fleire gevinstar av ei slik satsing; Utforsking av nye metodar, spennande tilnærmingar til fagstoffet og ei betre forståing av faget.

7.8. Styrar og rekitorutdanninga

Ingen har gått på styrarutdanning førre år.

Rekitorutdanninga: Gjennom skuleåret 2019/20 har vi hatt ein leiar som har delteke på den nasjonale rekitorutdanninga. Denne utdanninga rettar seg både mor rektorgruppa og avdelingsleiargruppa. Totalt har 18 av skuleleiarane i Bjørnafjorden kommune gjennomført den nasjonale rekitorutdanninga. I tillegg har vi fleire leiararar med anna relevant leiarutdanning.

7.9. Nettverk for nyutdanna lærarar

Hausten 2019 starta vi "nettverk for nyutdanna nytilsette lærarar" i heile Bjørnafjorden kommune. Totalt har vi om lag 30 lærarar i denne gruppa dette året. Ordninga omfattar lærarar som er i sitt første eller andre år som lærar. Tiltaket er initiert frå Udir og genererer midlar som blir nytta til mentorar på den einskilde skule, samt at dei dekkjer utgifter til nettverk i regi av skuleeigar. Nettverka er organisert som jamlege møte ca. fem gonger i året. Nettverka blir leia av assisterande fagsjef og skulefagleg rådgjevar. Forma på nettverka varierer noko gjennom året, to gonger er heile gruppa samla, medan resten av nettverka forgår i mindre grupper med seks til åtte lærarar. I møta har vi oppe aktuelle tema som "frå student til lærar, klasseleiing, den gode timen, relasjonskompetanse" mfl.. Vi nyttar faglitteratur som mellomarbeid og tar utgangspunkt i aktuelle problemstillingar kvar gang vi møtast. I tillegg set vi av god tid til erfaringsdeling på tvers av trinn og skular.

Lærarane som er ein del av nettverka seier det er viktig for dei å ta del i dette. Gjennom å møte andre som er i same situasjon, kan ein snakke om felles utfordringar. Samstundes presiserer dei at noko av det mest nyttige er å snakke om og reflektere rundt alt det positive ein får ta del i som lærar, og å dele gode undervisningsopplegg.

“Tusen takk for fine nettverksmøte for oss nyutdanna! Det har vore veldig lærerikt og spennande. Det å begynne som heilt ny lærar på ein ny skule er veldig kjekt og samtidig utfordrande. Det har vore kjekt å både kunne dele og høre andre sine utfordringar i skulekvardagen, og etterpå kunne snakke om det i gruppa. Det har ført til eigen refleksjon rundt utfordringar eg møter på skulen.

Nettverksmøta har vore veldig nyttige og det er veldig kjekt å få vere med på dette. Utfordringar møter vi som lærarar kvar dag, og det er då godt å kunne ha ein plass der ein får innspel og høve til å snakke om og rundt dette med andre nyutdanna. Det har gitt meg nye perspektiv som eg kan tar med meg inn i min klassesituasjon.”

